

## Søknad om stønad til aktivitetspark/klatrepark på Stamnes

Stamnes Idrettslag vil med dette søkje støtte til pågåande prosjekt med å etablere ein aktivitetspark i Kulshamaren på Stamnes. Området er i gangavstand frå Stamnes oppvekststun og er allereie i bruk av borna som går der. Tanken er å bruke naturen og trea til å skape eit område som stimulerer til leik og klatring.

Grunneigarane har gitt oss løyve til å bruke området med føremål å skape ein kjekk stad for borna og me er allereie godt i gang med arbeidet. Den private brønnen er forsvarleg gjerda inne, det er hengt opp nokre balansetau, ein Zipline og det vert for tida arbeidd med å hengje opp ei presenning for å gi skydd for regnet.

Me har planar om å etablere ei zipline til, men skogen er ikkje kraftig nok for dette, så her må me byggje stativ og rapo for at dette skal bli forsvarleg. Rapo ser me òg at det er naudsamt å byggje for at borna skal kunne bruke den eksisterande zipline sjølvstendig.

Planene er å lage til ei løype, med klatretau, hengjebuer, stiger, disser og platå rundt dei største trea. Det er tenkt å bruke materialer i form av dei trea som ein ryddar i området, men det er heilt klart behov for å supplere med trykkimpregnert materialer.

Alt arbeidet vert gjort på dugnad av medlemmene i Stamnes Idrettslag.

Erfaringar etter bruken av området i år er at det er eit behov for å kunne rydde området for gras og kratt som veks opp i løpet av ein sesong. Me søkjer derfor støtte til å skaffe oss ein kraftig kantklipper/ryddemaskin for å kunne halde heile området nedklipt og på den måten tilgjengeleg for brukarane.

Me søkjer om å få dekkje dei utgiftene me allereie har hatt (17 273kr), samt tilskot til dei planane me har. Sjå vedlagt budsjett

Utlegg allereie	
Zipline	2790kr (2020)
Presenning:	898kr
Gjerde: 202+2038+5841 =	8081kr
Tau:	798kr
Ny zipline:	4706kr
Planlagte utgiftar:	
Materiale til ramper, stativ og platå:	kr. 10 000.-
Skogsrydder:	kr. 7 000.-
Sum:	kr. 34 273.-

Vonar på positivt svar

Venleg helsing Kent Amundsen/Stamnes Idrettslag